

HØYRING AV FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM FARVASSAVGIFT

Sande kommune legg med dette forslag til ny forskrift om farvassavgift ut på høyring. Frist for innsending av fråsegn er satt til 10. 05 2021.

Svar på høyringa kan sendast postmottak@sande-mr.kommune.no eller til Sande kommune, Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes.

1. Bakgrunn

Kommunen har, med heimel i § 36 i *havne og farvannsloven* høve til å krevje farvassavgift. Havne- og farvannsloven tredde i kraft 1. januar 2020 og erstatta havne- og farvannsloven frå 2009. Rammene for farvassavgift skal fastsetjast i lokal kommunal forskrift.

Forskrift om kommunenes berekning og innkreving av farvannsavgift fastset dei overordna rammene for farvassavgifta. Forskrifta tredde i kraft 1. januar 2020, og erstattar tidlegare sentral *forskrift om kommunenes berekning og innkreving av anløpsavgift* frå 2010.

Den nye havne- og farvannslova inneber at farvassavgifta berre kan dekkje kostnadene for kommunen til nødvendig isbryting og fjerning av gjenstandar, styresmaktsutøving og kostnader knytt til farvassskilt og navigasjonsinnretningar. Tidlegare hadde kommunen ansvar for eventuelle utbetringar i farvatnet og kostnadsdekninga til avgifta var mindre definert.

2. Gjeldande forskrifter og praksis

Farvassavgifta skal følge sjølvkostprinsippet, det betyr at kostnadene for kommunen skal dekkjast inn gjennom avgiftene som anløpande fartøy betalar. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på avgifta. Over- eller underskot i det enkelte året skal henholdsvis avsetjast til eller trekkast frå bundne driftsfond. Avsatt overskot frå det enkelte år vert tilbakeført til abonnentane i form av lågare avgift i løpet av ein femårsperiode. Tilsvarande vil framførbare underskot dekkjast inn over farvassavgifta i løpet av ein tilsvarande femårsperiode. Dette er i tråd med generasjonsprinsippet innanfor sjølvkost. Farvassavgifta kan ikkje nyttast til å finansiera andre delar av hamneverksemnda.

Sande kommune har ikkje tidlegare kravd inn farvassavgift eller anløpsavgift.

3. Forslag til ny forskrift for farvassavgift

I forslaget til ny forskrift for farvassavgift vert det foreslått en minsteavgift for alle fartøy som skal betale farvassavgift. Farvassavgifta blir utrekna basert på bruttotonnasjen til fartøyet og blir betalt per anløp, men berre ein gong per døgn. Ferjer og hurtigbåtar i rutetraffikk får 10 % rabatt mens fiskefartøy som ikkje er fritatt frå farvassavgift maksimalt vert belasta farvassavgift for seks anløp per kalendermånad.

Følgjande fartøy er fritatt for farvassavgift:

- fartøy som anløper hamn på grunn av skade eller naudtilstand og fartøyet ikkje lastar eller lossar eller tar om bord passasjerar.
- bergingsfartøy i samband med berging
- isbrytarfartøy i samband med ivaretaking av ansvaret for framkommelighet ifølgje Havne- og farvannsloven §6
- orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske
- Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet
- fartøy med største lengde under 15 meter.
- fartøy tilhøyrande Redningsselskapet

Det er kommunestyret som årleg fastset avgifta og satsane kjem fram av gebyrregulativet.

Det er intensjonen at den nye forskrifta for Sande kommune skal nyttast frå 2022. Forskrifta må i forkant av dette på høyring og må bli vedtatt av kommunestyret.

4. Økonomiske konsekvensar

I tabellen under ser ein forventa kostnads- og inntektskalkyle for farvassavgifta for 2022. Det er estimert at 0,225 årsverk fordelt på tre personar vil utføre arbeid knytt til ansvaret til kommunen etter bestemmelsane i havne- og farvannloven § 36. I tillegg har kommunen ei beredskapsteneste som årleg kostar ca. 1,3 millionar kroner. Av denne kostnaden utgjer brannberedskap ca. 110 tusen kroner og det er vurdert at 40 % av dei resterande kostnadene er nødvendige beredskapskostnader knytt til farvassavgifta. Farvassavgifta vil òg bli belasta indirekte kostnader for nødvendige støttetjenester.

Farvassavgift	2022 Budsjett
16200 Avgiftsfrie salsinntekter	418 342
Driftsinntekter	418 342
10*** Lønn	151 296
13*** Tenester som erstattar kommunal tjenesteprod.	488 852
Direkte driftsutgifter	640 148
Indirekte driftsutgifter (netto)	30 810
Indirekte kostnader	30 810
Driftskostnader	670 958
Resultat	-252 616
Sjølvkostgrad (%)	100,0 %
Sjølvkostfond 01.01	0
-/+ Bruk av/avsetting til sjølvkostfond	-252 616
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	-1 983
Sjølvkostfond 31.12	-254 599

Alle fartøy som anløper hamn og innretning for drift av akvakulturanlegg med unntak av fartøya lista opp i fritakslista vil bli fakturert farvassavgift frå og med 2022.

I tabellane under er ei oversikt over forventa anløp innanfor ulike BT-intervall og ein foreslått pris per anløp i BT-intervalla og pris for ferjer. Med denne prisen og mengde anløp innanfor dei ulike kategoriane ville inntekta for farvassavgifta utgjort kr 418.342. Endeleg pris og struktur på farvassavgifta vil bli utarbeidd i samband med budsjettarbeidet hausten 2021 og gå fram av gebyrregulativet til kommunen.

Avgiftsregulativ	Vekt	2022
50 - 300 BT pris per anløp utanom ferjene	1,00	80,0
301 - 1200 BT pris per anløp utanom ferjene	1,29	80,0
1200 < pris per anløp utanom ferjene	1,65	350,0
Ferjene	1,16	1 460,0
Antal varer		1 970
Antal varer (vektet)	B	2 461
Normalavgift		2022
Avgiftsinntekter (kr)	A	418 342
Antal varer (vektet)	B	2 461
Normalavgift (kr/vare)	C = A / B	170,00
Avgiftssatsar	Vekt	2022
Sats 50 - 300 bt pris per anløp utanom ferjene	1,00	170,00
Sats 301 - 1200 bt pris per anløp utanom ferjene	1,29	220,00
Sats 1200 < pris per anløp utanom ferjene	1,65	280,00
Sats fergene	1,16	198,00

5. Arbeidsgruppa

Forslag til ny forskrift for farvassavgift er utarbeidd av Sande kommune. EnviDan AS har vore sparringspartner.

Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel.

Rettferdig: Avgifta skal gjenspegle kostnadsnivået på best mogleg vis.

Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare eller vanskelege formuleringar.

Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for storleiken på avgiftene og eventuell differensiering av avgifta

Sande kommune imøteser høyringsvar.